



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret	
Møtestad:	Tønnegarden	
Møtedato:	07.05.2015	Tid: 14:00 – 18:50

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.
Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene elektronisk til ipad 28.04.15, via utlegging på heimeside og informasjon i e-post 30.04.15.
Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Synfaring:

Kl 14.00 var det synfaring på ny barnehage ved Nore Fusa oppvekstsenter.

Kl 15.00 møtte kommunestyret på Tønnegarden og følgjande var då tilstades:

Atle Kvåle, Hans Ekeberg, Ap
Magne Djuvik, Kristine Hjartnes, Gunnar Hansen, Roger Hoel, Frp
Steinar Skår, Aud May Boge, H
Asbjørn Heidal, Stina Kvåle Bergesen, Krf
Hans S. Vindenes, Marianne Borge, Margunn Y. Samnøy,
Øyvind Nordbø, Haldor Tuft, Mikal Leigland, Sp
Birgitte H. O. Skibenes, SV
Gustav Folkestad, V

Forfall og møtande varamedlemer:

Anne-Grethe Gjerdevik, Ap, hadde forfall. For henne møtte Bergfrid Norheim, Ap, som vararepresentant.
Steinar Berland, H, hadde forfall. For han møtte Ola E. Dale, H, som vararepresentant.
Anne Martinsen, Krf, hadde forfall. For henne møtte Roald Samnøy, Krf, som vararepresentant.

Inhabilitet:

Mikal Leigland, Sp, var inhabil i sak nr 14/15. Inhabiliteten var ikkje meldt til kommunestyremøtet og det møtte ikkje vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand
Einingsleiar Anne Skagseth til og med sak nr 11 /15
Einingsleiar Terje Raunsgard
Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Merknader til innkalling og sakliste:

Framlegg frå ordførar Hans S. Vindenes, Sp, om at saklista vart endra slik at sak nr 9/15 vart handsama som siste sak, vart samrøystes vedteke.

Det var elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

Orientering:

Møtet i kommunestyret 18.06.15 vert på dagtid (truleg heildagsmøte.)

Møtet i formannskapet 03.06.15 vert på dagtid (truleg heildagsmøte.)

Det vert møte i styringsgruppa for kommunereforma i veke 24.

Møtet i planutvalet er flytta til måndag 08.06.15.

Digitale løysingar for folkevalde – meir opplæring i mai

Før neste utvalsmøteveke vert det utdeling av ipadar til dei som fortsatt ikkje har fått ipaden sin.

27. eller 28.05.15 vert det opplæring til folkevalde som ikkje kunne vera med på opplæringa i april eller får utdelt ipader no. Opplæringa vert på ettermiddag eller kveld.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 08.05.15

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
008/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
009/15	KOMMUNEREFORMA - ARBEID I SONDERINGSFASEN - INNSPEL FRÅ KOMMUNESTYRET
010/15	ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2014
011/15	FRAMLEGG TIL BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN-
012/15	UTGREIING OM FORBINDELSAR MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET - HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE
013/15	PLANAR FOR KUNSTGRASBANE VED NORE FUSA OPPVEKSTSENTER
014/15	SØKNAD OM SKJENKELØYVE - 09.05.15 - 30.06.16 - HANDESLAGET ANS

008/15: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 05.03.2015 vert godkjent.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KOM-008/15 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 05.03.2015 vert godkjent.

009/15: KOMMUNEREFORMA - ARBEID I SONDERINGSFASEN - INNSPEL FRÅ KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

VISER TIL VEDLAGDE NOTAT.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, og rådmann Berit Fløisand orienterte og svara på spørsmål.

Aud – May Boge og Ola E. Dale, H, fremja følgjande forslag:

Det skal også vera gruppearbeid i dag på alternativ 4 jf. kommunestyresak i møtet 05.03.15: «Fusa som ein del av Bergen i lag med fleire andre kommunar».

Framlegget frå Aud- May Boge og Ola E. Dale fall mot 7 røyster.

Kommunestyret vart delt inn i 4 grupper.

Framlegget frå ordførar Hans S. Vindenes til opplegg for gruppearbeidet vart vedteke:
Kommunestyret gjennomfører gruppearbeidet slik:

To hovudoppgåver:

- 1) Drøfting vedr. kriteria , rangering, innhald m.m. og fyller ut skjemaet.
- 2) SWOT-analyse på utdelte skjema der ein vurderer dei 3 hovudalternativa:
 - a) Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)
 - b) Fusa saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll.
 - c) Fusa saman med Kvam og Samnanger, evt. andre?

Resultat frå gruppearbeidet vert ein del av grunnlaget for sak til kommunestyret sitt møte 18.06.15 der kommunestyret m.a. skal gjera vedtak om kva ulike alternativ som skal utgreiast vidare.

KOM-009/15 VEDTAK:

Resultat frå gruppearbeidet vert ein del av grunnlaget for sak til kommunestyret sitt møte 18.06.15 der kommunestyret m.a. skal gjera vedtak om kva ulike alternativ som skal utgreiast vidare.

Gruppe 1

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, Margunn Y. Samnøy, Sp, Steinar Skår, H, Asbjørn Heidal, Krf, Gunnar Hansen, Frp:

Oppgåve 1:

Ranger dei ulike kriteria på ein skala frå 1 til 10 der 10 er viktigast. Set X

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Tilstreккеleg kapasitet									X	
Relevant kompetanse										X
Tilstreккеleg distanse						X				
Effektiv tenesteproduksjon							X			
Økonomisk soliditet								X		
Valfridom			4		1					
Funksjonelle samfunnsutviklingsområde				X						
Høg politisk deltaking		X								
Lokal politisk styring			1		4					

Lokal identitet	X									

Oppgåve 2

Alt. a) Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Lokalstyring Kort avstand til kommunesenteret Nærheit til kommunale tenester Tek vare på kommunale arbeidsplassar	Økonomi Kompetanse Kapasitet Tilstrekkeleg avstand
Mogelegheter	Truslar
Meir lokal styring	Andre bestemmer Økonomi Nok fagfolk i adm. For liten kompetanse

Alt b) Fusa kommune er slått saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Kapasitet Økonomi Kompetanse Større distanse Rettferdig handsaming (mindre trynetillegg)	Svakare lokal styring Større avstand Lokal engasjement svekka
Mogelegheiter	Truslar
Ein del av eit vekstområde Bru Boga - Os	Større byråkrati Byråkratar styrer på bekostning av lokalpolitikarar

Alt c) Fusa kommune er slått saman med Kvam og Samnanger, evt. andre.

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Likeverdige Auka kompetanse Betre økonomi Betre kapasitet	Noverande Kvam kommune for dominerande Lokal engasjement svekka Feil retning
Mogelegheiter	Truslar
Eikelandsosen som kommunesenter	Norheimsund som kommunesenter

Gruppe 2

Varaordførar Atle Kvåle, Ap, Øyvind Nordbø, Sp, Birgitte H. O. Skibenes, SV, Stina K. Bergesen, Krf, Roger Hoel, Frp

Oppgåve 1

Ranger dei ulike kriteria på ein skala frå 1 til 10 der 10 er viktigast. Set X

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Tilstrekkeleg kapasitet			1		1		2	1		
Relevant kompetanse				1				2	2	
Tilstrekkeleg distanse	5									
Effektiv tenesteproduksjon		1							2	2
Økonomisk soliditet						1	1		1	2
Valfridom			1		1		1	1		1
Funksjonelle samfunnsutviklingsområde				3		1		1		
Høg politisk deltaking		1	2			1	1			
Lokal politisk styring		2		1	1	1				
Lokal identitet		1	1		2	1				

Oppgåve 2

Alt. a) Fusa åleine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
---------	------------

- LOKAL POLITISK STYRING	- IKKJE TILSTREKKELIG KAPASITET PÅ ALLE OMRÅDER - IKKJE EFFEKTIV NOK TENESTEPRODUKSJON
Mogelegheiter	Truslar
- LETTERE FOR FOLK Å PÅVIRKE OG BESTEMME VÅR EGEN UTVIKLING .	- SVIKTENDE ØKONOMI -

Alt b) Fusa kommune er slått saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
- MANGE SMÅ KOMMUNER MED EN STOR. - STØRRE SJANSER FOR BEDRING I VEI KOMMUNIKASJON.	- DÅRLIG KOMMUNIKASJON - SVAKERE LOKAL IDENTITET -
Mogelegheiter	Truslar
- EFFEKTIV TENESTEPRODUKSJON -	- ARBEIDSPASSER KAN FORSVINNA - VIDEREGÅENDE KAN FORSVINNE

Alt c) Fusa kommune er slått saman med Kvam og Samnanger, evt. andre.

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
<ul style="list-style-type: none"> - TRE LIKEVERDIGE KOMMUNER - 	<ul style="list-style-type: none"> - SVAK ØKONOMI - KOMMUNE SENTER LENGER VEKKE ?
Mogelegheter	Truslar
<ul style="list-style-type: none"> - STØRRE POLITISK PÅVIRKNING 	<ul style="list-style-type: none"> - KVAM VIL SAMLE MEST MULIG I NORHEIMSUND. - BLIR LITT FEIL VEI

Gruppe 3

Hans Ekeberg, Ap, Kristine Hjartnes, Frp, Marianne Borge, Sp, Magne Djuvik, Frp, Haldor Tuft, Sp, Ola E. Dale, H,

Oppgåve 1

Ranger dei ulike kriteria på ein skala frå 1 til 10 der 10 er viktigast. Set X

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Tilstrekkeleg kapasitet							X			
Relevant kompetanse					X					
Tilstrekkeleg distanse	X									
Effektiv tenesteproduksjon										X
Økonomisk soliditet									X	
Valfridom		X								
Funksjonelle samfunnsutviklingsområde								X		
Høg politisk deltaking			X							
Lokal politisk styring						X				

Lokal identitet				X						

Oppg ve 2

Alt. a) Fusa  leine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Lokal politisk styring Lokal identitet Befolkningsengasjement	Lav kapasitet Kompetanseniv� ned Mindre attraktiv arbeidsgjevar Utilstrekkelig distanse
Mogelegheter	Truslar
Valfridom	�konomi

Alt b) Fusa kommune er sl tt saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Samla kompetanse	Manglande infrastruktur

Effektiv tenesteproduksjon	Svekka lokaldemokrati
Mogelegheiter	Truslar
Økonomi	Kulturforskjellar
Betra infrastruktur	Geografiske ulikskapar og behov

Alt c) Fusa kommune er slått saman med Kvam og Samnanger, evt. andre.

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Lik kultur	Store avstandar og spredt busetnad
Større fagmiljø	
Effektiv tenesteproduksjon	
Mogelegheiter	Truslar
Økonomi	Avstandar – infrastruktur
	Økonomi – lite folkevekst

Gruppe 4

Aud May Boge, H, Bergfrid Norheim, AP, Mikal Leigland, Sp, Gustav Folkestad, V, Roald Samnøy, Krf

Oppgåve 1

Ranger dei ulike kriteria på ein skala frå 1 til 10 der 10 er viktigast. Set X

	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Tilstreккеleg kapasitet								2	3	
Relevant kompetanse							1			4
Tilstreккеleg distanse			1				3	1		
Effektiv tenesteproduksjon						1		3	1	
Økonomisk soliditet	1		1			3	1			
Valfridom	2				3					
Funksjonelle samfunnsutviklingsområde			1	4						
Høg politisk deltaking	1	1	3							
Lokal politisk styring		2				2			1	
Lokal identitet	1		1		2					1

Oppg ve 2

Alt. a) Fusa  leine, evt. med grensejusteringar (Kvam, Kvinnherad)

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er moglegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
N�rheit	Økonomiske utfordringar
Medbestemmelse	Med fleire utgifter (drift av skular og sjukeheimar
God lokal kjennskap til komm.	
St�rre komm utan store strukturelle endr	
Moglegheiter	Truslar

Videreutv. Komm adm Styrke komm.senteret	Kan bli for lite. Frateke oppgaver (tjenestoområde)
---	--

Alt b) Fusa kommune er slått saman med Os, evt. Samnanger, Tysnes, Austevoll

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
Historisk tette band, (ekskl.Austevoll) Større fagmiljø Større politisk tyngde i regionale saker	Stort geograf. Område Ujevnt styrkeforhold innan i kommunen. Ikkje fastl.forbindelse i heile komm.
Mogelegheter	Truslar
Heile regionen som en felles bu og arbeidsregion	

Alt c) Fusa kommune er slått saman med Kvam og Samnanger, evt. andre.

- Kva er styrkene til Fusa kommune i dette alternativet
- Kva er svakheitene
- Kva er mogelegheitene
- Kva er truslane

Styrker	Svakheiter
---------	------------

Møtelegheiter	Truslar

IKKJE BESVART PGA TIDSFORBRUK

010/15: ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2014

Framlegg til vedtak:

SJÅ VEDLAGDE PARTSBREV MED INNSTILLING, HANDSAMING OG VEDLEGG I SAK FRÅ KONTROLLUTVALET

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag til vedtak:

Fusa kommunestyret tek årsmelding for 2015 frå kontrollutvalet til orientering

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

KOM-010/15 VEDTAK:

Fusa kommunestyret tek årsmelding for 2015 frå kontrollutvalet til orientering

.....

011/15: FRAMLEGG TIL BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN-

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Plan for bustadsosialt arbeid vert vedteken slik den ligg føre.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Einingsleiar Anne Skagseth orienterte og svara på spørsmål.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes tilrådd.

KOM-011/15 VEDTAK:

Plan for bustadsosialt arbeid vert vedteken slik den ligg føre.

.....

012/15: UTGREIING OM FORBINDELSAR MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET - HØYRINGSUTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommunestyre vedtar følgjande høyringsuttale til rapporten "Utredning av forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet":

Fusa kommune er svært nøgd med at det er gjennomført ei utgreiing om forbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet. Gjennom dette arbeidet er det kome fram eit faktabasert grunnlag som kan brukast til gjera dei rette prioriteringane i framtida.

Med bakgrunn i dei resultat som er dokumentert gjennom analysearbeidet i aust-vest utgreiinga støttar Fusa kommune rapporten sin langsiktige strategi om å satsa på to hovudvegforbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet, E134 over Haukeli og Rv7/rv52/E16 over Hemsedal.

Særskilt vil Fusa kommune peika på tala for netto samfunnsnytte som viser svært positive verdiar for E134 med utbygging av ein arm mot Bergen. Med ei utbygging som skissert i rapporten vil netto samfunnsnytte bli heile 26 milliardar. Dette er tal som skil E134 frå alle dei øvrige traseane, og bør aleine vera grunnlag for å prioritera E134 med arm mot Bergen som ein av dei den føretrekte traseane mellom Austlandet og Vestlandet.

Fusa kommune vil tilrå at det vert gjennomført KVVU for Hordalandsdiagonalen Jøsendal - Odda- Bergen. Dette arbeidet må starta opp snarast. Den framtidige strekninga Jøsendal - Bergen må byggjast som eit riksveganlegg.

Fusa kommune støttar utreiinga sin konklusjon om ikkje gå vidare med å utreia strekninga E134 langs Åkrafjorden, via Skånevik, Kvinnherad og med tilknytning til E39 ved Tysnes. Skal denne strekninga utgreiast må det først skje etter at strekninga Jøsendal - Bergen er ferdigstilt.

Fusa kommune meiner at det må vera eit mål at utbygging av valte trasear skjer mest mogeleg samanhengande og heilskapleg. Det må leggjast vekt på framtidsretta og miljøvenlege utbyggingar samt at kravet til vintersikker veg over fjellet vert i varetatt.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Skriv av 22.04.15 til fylkesutvalet i Hordaland frå ordførarar var sendt ut som nytt vedlegg i saka til kommunestyret.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-012/15 VEDTAK:

Fusa kommune er svært nøgd med at det er gjennomført ei utgreiing om forbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet. Gjennom dette arbeidet er det kome fram eit faktabasert grunnlag som kan brukast til gjera dei rette prioriteringane i framtida.

Med bakgrunn i dei resultat som er dokumentert gjennom analysearbeidet i aust-vest utgreiinga støttar Fusa kommune rapporten sin langsiktige strategi om å satsa på to hovudvegforbindelsar mellom Austlandet og Vestlandet, E134 over Haukeli og Rv7/rv52/E16 over Hemsedal.

Særskilt vil Fusa kommune peika på tala for netto samfunnsnytte som viser svært positive verdiar for E134 med utbygging av ein arm mot Bergen. Med ei utbygging som skissert i rapporten vil netto samfunnsnytte bli heile 26 milliardar. Dette er tal som skil E134 frå alle dei øvrige traseane, og bør aleine vera grunnlag for å prioritera E134 med arm mot Bergen som ein av dei den føretrekte traseane mellom Austlandet og Vestlandet.

Fusa kommune vil tilrå at det vert gjennomført KVU for Hordalandsdiagonalen Jøsendal - Odda- Bergen. Dette arbeidet må starta opp snarast. Den framtidige strekninga Jøsendal - Bergen må byggjast som eit riksveganlegg.

Fusa kommune støttar utreiinga sin konklusjon om ikkje gå vidare med å utreia strekninga E134 langs Åkrafjorden, via Skånevik, Kvinnherad og med tilknytning til E39 ved Tysnes. Skal denne strekninga utgreiast må det først skje etter at strekninga Jøsendal - Bergen er ferdigstilt.

Fusa kommune meiner at det må vera eit mål at utbygging av valte trasear skjer mest mogeleg samanhengande og heilskapleg. Det må leggjast vekt på framtidsretta og miljøvenlege utbyggingar samt at kravet til vintersikker veg over fjellet vert i varetatt.

.....

013/15: PLANAR FOR KUNSTGRASBANE VED NORE FUSA OPPVEKSTSENTER

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune er positiv til at Ådlandsfjorden idrettslag legg krøllgras på grusbane ved Nore Fusa oppvekstsenter og overtek drift av ny bane med lysanlegg.

For å få gjort dei naudsynte avklaringane må det liggja til grunn ein samarbeidsavtale som regulerer både utbygging, drift og leigeforhold. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna den endelege avtalen.

I samsvar med satsane i kommunedelplanen vert det gjeve eit årleg driftstilskot på kr 15.000,- frå det første heile driftsåret etter at banen er bygd ferdig. Vilråa for slikt tilskot vil gå fram av samarbeidsavtalen.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-013/15 VEDTAK:

Fusa kommune er positiv til at Ådlandsfjorden idrettslag legg krøllgras på grusbane ved Nore Fusa oppvekstsenter og overtek drift av ny bane med lysanlegg.

For å få gjort dei naudsynte avklaringane må det liggja til grunn ein samarbeidsavtale som regulerer både utbygging, drift og leigeforhold. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna den endelege avtalen.

I samsvar med satsane i kommunedelplanen vert det gjeve eit årleg driftstilskot på kr 15.000,- frå det første heile driftsåret etter at banen er bygd ferdig. Vilråa for slikt tilskot vil gå fram av samarbeidsavtalen.

.....

014/15: SØKNAD OM SKJENKELØYVE - 09.05.15 - 30.06.16 - HANDESLAGET ANS

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Handelslaget ANS på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn:	Handelslaget
Adresse:	5643 Strandvik
Tidsrom for løyvet:	09.05.2015 t.o.m. 30.06.2016
Løyvehavar:	Handelslaget org nr 981462971
Styrar for løyvet:	Ingeborg Vik f 1956

Avløyсар – Magnhild Nordtveit f 1970
Forretningskonsept – Cafe, restaurant Jf. søknad av 17.03.15
Forretningslokalet sitt areal – Jf søknad av 17.03.15. Før utearealet vert godkjent, må søkjar senda inn nøyaktige opplysningar om utearealet og med informasjon om korleis det er skilt frå arealet elles

Alkoholvare og skjenketid: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 (Øl, vin) frå kl 13.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Alkoholhaldig drikk gruppe 3 (Brennevin) frå kl 13.00 – 00.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00.
Skjenketid for uteservering: Gruppe 1, 2 og 3 fram til kl 0030, fortærings- og stengetid til kl 0100.
Jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer

Omfang: Alminneleg løyve
Løyvegebyr: Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå m.a. mattilsynet og brannvernmyndigheter til ei kvar tid foreligg.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Dersom løyvehavar ynskjer å endra driftskonseptet, må han innhenta godkjenning av kommunen.

Sluttar styrar og/eller avløyсар for styrar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny styrar/avløyсар.

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse. Ein gjer for ordens skuld merksam på at skjenkeløyve føreset at skjenkestaden har serveringsløyve og at skjenkeløyve difor føreset at serveringsløyve til ei kvar tid gjeld. Løyvet vil og kunne inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lengre gjeld.

Grunngjeving: Vedtaket er gjort i samsvar med retningslinjene i ny rusmiddelpolitisk handlingsplan.

07.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Offentleg versjon av vedlegga var nytt vedlegg til kommunestyremøtet.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, viste til at Mikal Leigland, Sp, vil verta inhabil. Mikal Leigland er deleigar i Handelslaget ANS, som er part i saka. Mikal Leigland gjekk frå. Det møtte ikkje vararepresentant. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 1. ledd bok e.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke. (20 r)

KOM-014/15 VEDTAK:

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Handelslaget ANS på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn:	Handelslaget
Adresse:	5643 Strandvik
Tidsrom for løyvet:	09.05.2015 t.o.m. 30.06.2016
Løyvehavar:	Handelslaget org nr 981462971
Styrrar for løyvet:	Ingeborg Vik f 1956
Avløyssar	Magnhild Nordtveit f 1970
Forretningskonsept	– Cafe, restaurant Jf. søknad av 17.03.15
Forretningslokalet sitt areal	Jf søknad av 17.03.15. Før utearealet vert godkjent, må søkjar senda inn nøyaktige opplysningar om utearealet og med informasjon om korleis det er skilt frå arealet elles

Alkoholvare og skjenketid:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 (Øl, vin) frå kl 13.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer Alkoholhaldig drikk gruppe 3 (Brennevin) frå kl 13.00 – 00.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00. Skjenketid for uteservering: Gruppe 1, 2 og 3 fram til kl 0030, fortærings- og stengetid til kl 0100. Jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer
Omfang:	Alminneleg løyve
Løyvegebyr:	Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå m.a. mattilsynet og brannvernmyndigheter til ei kvar tid forelegg.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Dersom løyvehavar ynskjer å endra driftskonseptet, må han innhenta godkjenning av kommunen.

Sluttar styrrar og/eller avløyssar for styrrar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny styrrar/avløyssar.

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse. Ein gjer for ordens skuld merksam på at skjenkeløyve føreset at skjenkestaden har serveringsløyve og at skjenkeløyve difor føreset at serveringsløyve til ei kvar tid gjeld. Løyvet vil og kunne inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lengre gjeld.

Grunngjeving: Vedtaket er gjort i samsvar med retningslinjene i ny rusmiddelpolitisk handlingsplan.

.....

